



«Storsamfunnet og kva det vil, er eit godt døme på at debatten knytt til det ufødde barn og deira risikofylte ferd ut i samfunnet vert ein kamp om ord og omgrep. Desse kan føra oss vekk frå det saka eigentleg dreier seg om, nemleg retten til liv og retten til vern også for den som er liten», skriv Sofie Braut.

ILLUSTRASJONSBILDE, SCANPIX

Kvinna – ei brikke i spelet?

ABORTLOVA: Etter ein politisk haust med kollektiv nistiring ned nokre av demokratiets merkelegare irrgangar, har KrFs vegval no munna ut i ein ny debatt knytt til kva rettar eit ufødd barn skal ha. Er tida komen for å røra abortlova?

Sofie Braut

Bryne

Ja, vi har vore der før. Det er den debatten som gløder raudt og vondt av private sår som med eitt vert halvoffentlege. Som med eitt får eit kvitt lys av paragrafar og preglaut byråkratsjargong over seg. Det er historier på liv og død, det er intense nærbilete frå dei inste rom som møter statistikk og sorteringsomgrep og filosofi for vidarekomne. Implisitt og eksplisitt går det eit spørsmål gjennom eit kvart rom der denne debatten kjem opp: Kva samfunn vil vi ha? Korleis kombinera ideal og realitet?

Debattredaktør Solveig Grødem Sandelson har i Aftenbladet (8.11.) ein nyantert og modig innfallsvinkel til temaet: Ho hadde eit håp om å kunna skriva om abortlova frå det ho kallar eit «romsleg» perspektiv, men konstaterer lakonisk: «Eg tok feil». Eg vart nysgjerrig på kva det var som tvinga den kloke skribenten inn i ei smalare gate enn ho hadde sett seg ut.

Det er umogeleg med endringar i abortlova, argumenterer Sandelson, fordi det vert å «gå tilbake dit storsamfunnet pålegg kvinna å bera fosteret fram». Men er det ikkje dette same storsamfunnet som gjennom lovverk og praksis har lagt til rette for at vi kvinner i verdas rikaste samfunn skal ta val vedrørende liv og død som vi aldri var meint å skulla ta? Er ikkje det også ei innblanding frå storsamfunnet, men som i dette tilfelle råkar dei andre, dei ufødde?

Vidare reflekterer Sandelson over at vi som utgjer storsamfunnet gjer kvinners liv «litt mindre verd enn alle andre voksne liv» dersom ein vernar om det ufødde livet som har kvinnekroppen som passasje ut i verda. «Storsamfunnet» er eit tvietydig omgrep i denne samanhengen. For kva interesser har eigentleg dette storsamfunnet? Slik saka står no, tyder mykje på at storsamfunnet vil halda fram med dagens situasjon på abortfeltet, kanskje med nokre mindre justeringar. Men ein kan også sjå føre seg eit «storsamfunn» som av økonomiske og meir prosaiske årsaker ønskjer å selektera ut flest mogleg av barn som har ulike avvik. Alt no er det kvinner som rapporterer om press på å ta abort under ulike omstende. Uansett, tanken om at det er samfunnet som krev at barnet vert bora fram, at kampen står mellom samfunnet og kvinna kan verka underleg.

Det er barnet som treng liv

Det «etiske dilemmaet» som Sandelson i

artikkelen utforskar på svært perspektivrikt vis, er jo nettopp eit svært krevjande tema fordi det stiller eitt menneske ovanfor eit anna menneske, der eitt sett med behov og rettar skal vegast opp mot eit anna. Det er ei underleg tolking av denne situasjonen at kvinna svarer på storsamfunnets fordring når ho ber fram eit barn. Det er jo barnet som treng liv, ikkje nødvendigvis samfunnskollektivet som treng eit nytt medlem.

Motvilje mot biologien sjølv

Storsamfunnet og kva det vil, er eit godt døme på at debatten knytt til det ufødde barn og deira risikofylte ferd ut i samfunnet vert ein kamp om ord og omgrep. Desse kan føra oss vekk frå det saka eigentleg dreier seg om, nemleg retten til liv og retten til vern også for den som er liten. Det er ei anstrengt pulsåre av motvilje mot biologien sjølv som dunkar vondt gjennom fleire av innlegga i debatten. Vi er vane med å kunna kontrollera det meste, men barnet finn berre veg ut i verda gjennom kvinnekroppen. Det er eit privilegium, det er ei gåte og ein kime til tallause kjensler, og det er alt anna enn enkelt.

Der Sandelson hevdar at det er eit inngrep i kvinners eigenverd å styrka rettsvernet til fosteret, vil eg snu på det og seia at vi kvinner ikkje bør sjå oss sjølve som offer korkje for biologi eller storsamfunn, men som av den enkle grunn at vi er menneske, svarar på den etiske fordringa frå både fødde og ufødde menneske med å verna om livet.

Hverdagshykleri – fly til Berlin for å spise vegetarburger

Sigbjørn Løland Bore

Oslo

SAMFUNN: Hykleri, handlinger på tvers av hvordan man fremstår utad – politikeren som sier en ting, men gjør noe helt annet - er et velkjent samfunnsproblem. Men enda verre, og et tabu, er hverdagshykleriet – hykleriet som utarter seg gjennom små handlinger i stor skala.

Snakkes for lite om

Hverdagshykleriet er ikke orkanen som på sensasjonelt vis kulminerer i katastrofen, men heller termitten som sakte, men sikkert gnager og eroderer bort oppriktighet - bærebjelken som vårt samfunn er bygget på. Dette snakkes det for lite om.

Rulletrapp opp til treningssenteret og kjøring av bil til treningssenter. Å trene er både bra for individet (bedre helse og mer overskudd i det daglige) og for samfunnet (mindre helsekostnader for spleiselaget starten å dekke). Men det blir for dumt å ta rulletrappen opp til treningssenteret. Det er helt tydelig at man er mer opptatt av fremstå som i god form enn rent faktisk å bli det. Og når vi er inne på dette, det samme gjelder å kjøre bil til trening. Man går glipp av så mye god fysisk aktivitet. Trolig er de som gjør disse tingene, de samme folkene som tilbringer brøkdelen av treningsøkten foran speilet med mobiltelefonen i hånden. Så påpasselige med å dokumentere trening på sosiale medier, når de i virkeligheten trener ytterst få ganger.

Og sist, men ikke minst, bare fordi du sprader rundt i byen med supertreningstøy fra Platou, betyr heller ikke det at du er i god form. Vi gjennomskuer det.

Ikke lat som du er miljøvennlig

Det er helt greit å ville dra til Berlin (har vært der selv), men ikke lat som du er så miljøvennlig ved hele tiden å bringe opp den vegetarburgeren med avocado du spiste der, når du fløy for å komme deg dit. Flyturen du tok for å spise vegetarburgeren, er mye verre for miljøet enn en big mac spist hjemme. Dessuten, det går utrolig mye vann for å produsere en avocado, ofte på bekostning av drikkevannet til den lokale befolkningen. Så, please, forstå, du er ikke så etisk som du prøver å fremstå utad. Det samme gjelder helgetur til New York for å dra på foodtrucks med økologisk mat. Økologisk mat er vel og bra, men igjen, flyturen til New York er mye verre for miljøet enn ikkeøkologisk mat hjemme. Greit?

Dermed kommer vi til poenget. En sminket gris er fortsatt en gris, uansett hvor mye mascara, øyenskygge, og leppetift man putter på den, det er fortsatt en gris. Det samme gjelder disse menneskene som målrettet sminker sin hverdag til overlegenhet gjennom overfladiske handlinger. Ikke lat som, vi ser gjennom sminken.